

## Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Tor André Ljosland (KrF), Kjell Gitton Håland (A), Geir Kjell Andersland (V) og Stian Jean Opedal Davies (A) stilte spørsmål om dei var inhabile, med slik bakgrunn:

- Ljosland er føreslått som medlem i Grieghallen AS
- Håland var tidlegare styremedlem i Bergen Nasjonale Opera
- Andersland er styremedlem i Grieghallen AS
- Davies er varamedlem til styret i Grieghallen AS

Ljosland, Håland, Andersland og Davies gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Geir Kjell Andersland var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e). Fylkestinget vedtok samrøystes at Tor André Ljosland, Kjell Gitton Håland og Stian Jean Opedal Davies var habil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Geir Kjell Andersland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 64 representantar til stades.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på initiativet om å vidareutvikle planane for Griegkvartalet i Bergen.
2. Vestland fylkeskommune avslår søknaden om midlar til vidareutvikling av prosjektet Griegkvartalet på bakgrunn av den økonomiske situasjonen.